

fff-avisa nr. 4. 1978

du gleder neppe
desse, men:



WINN FOLK TIL TOGET - EIN FOR EIN!

Faglig 1.mai- front 1978

-enhet på
klassekampens grunn!



LEIAR:

VINN FOLK TIL TOGET EIN FOR EIN !!

Det er få dagar att til den store dagen. Bli det ein kraftfull protest mot krisepolitikken til regjeringa og borgarskapet, blir det ein kraftfull solidaritetsmarkering for den eritreiske frigjeringskampen?

Når me det gode resultatet frå i fjor med 2500 i gata i hovedtoget?

Rapportar me har frå arbeidet til nå gir ikkje noke ubetinga positivt svar på desse spørsmåla.

Ein del områder og kampavsnitt er framskredne, men det er mange som endå ikkje har fått til noke gjennombrøt i mobiliseringa.

Kva kan gjerast dei få dagane som er att?

Der arbeidet har vore svært bra har aktivistane

1) forstått at det er svært viktig at klassekamptoget gjer Samorgtoget til ein punktdemonstrasjon i samanlikning, dei har ikkje sett på 1.mai som "det årlige orket", som ein slitsam rutine, dei har forstått den politiske betydninga; på same måte som at 25.000 streikar mot tvungen voldgift vil store klassekamptog gi krisepolitikarane eit skot føre baugen, dei vil måta ta omsyn til at folk ikkje lenger vil finna seg i alt;

2) evna å knytta krisepolitikken til dei lokale forholda, vist kroleis krisa rammar eigen arbeidsplass og reist protest mot dette;

3) ikkje slått seg til ro med mange og fine papirplanar, men gått aktivt ut til folk med underskriftslistar, billetter til arrangements, trekt folk med i kulturaktivitetar, samla støtte til streikande bussjåførar, og

4) propagandert nødvendigheten av at nettopp du må gå i FFF-toget 1. mai og dessutan sikra dette ved konkrete avtalar om henting, frokost.

- Den tidligare analysen vår om situasjonen står fast: mulighetene er svært, svært gode, men det er opp til oss å slått fram tellande resultat.

Studer dei to gode eksempla som blir summert opp i dette nummeret av FFF-avisa!

Kast av all tombaggasje, nå er parola

VINN FOLK TIL TOGET - EIN FOR EIN!



ENHET PÅ KLASSEKAMPENS GRUNN!

- Kamp mot all imperialisme
- Kamp mot monopolkapitalen
- Kamp mot klassesamarbeid og
- Kamp mot all kvinneundertrykking

HOVUDPAROLAR VEDTEKNE PÅ GENERALFORSAMLINGA 11/4

1. Avvis tvungen valdgift - Nei til lønsnedslag
2. Forsvar industriarbeidsplassane i Bergen - Kamp mot oppseiingar og lønsnedslag
3. Arbeid til ungdomen
4. Ungdomen krev ungdomshus kor dei sjølve bestemmer
5. Frifinn dei tiltalte i Bryhnsaka og listesaka - Forsvar ytringsretten
6. Nei til yrkesforbod og politisk overvaking
7. Kamp mot nazismen - Forby Norsk Front
8. Mot all rasisme - Einskap framandarbeidarar og norske arbeidarar
9. Vi krev handling, ikkje valflesk - Hev minstepensjonen til 25.000 straks
10. Siger for frigjeringskampen i Eritrea - Sovjet ut av Afrikas Horn
11. Israel ut or Libanon - Stø folka i Palestina og Libanon
12. Stø frigjeringsrørslene i Det sørlege Afrika - Sovjet og USA ut
13. Avvis Sovjet sitt press på Svalbard og i Barentshavet
14. Nei til reindriftslova - Forsvar samane sine nasjonale rettar
15. Nei til renteauke og kortare nedbetalingstid på studielån
16. Vekk med nemndene og reservasjonsretten - Sjølvbestemt abort no
17. Krev rett til nynorsk i Bergenskulen - Stri mot måltynarane i skuleleiinga.
18. Nei til fire felt i Helleveien og Sjøgaten - Bevar Sandviken

NB! Merk at den 2. parola er endra frå det opp-
havelege framlegget.

Intervju med ein FFF-aktivist frå Vestlandsheimen.

=Har komiteen evna å ta utgangspunkt i korleis krisepolitikken rammar arbeidsplassen dykkar?

-Etter mange og gode diskusjonar før under og etter skipingsmøte har komiteen utvikla eit relativt høgt nivå på politikken. Vi har og evna å gjera han konkret utifrå tilhøva hjå oss.

Krisa har ramma arbeidsplassen vår hardt. Førebels ved eit budsjett som er skore ned med 3,1 mill for -78. Me har tatt opp innvitten fra Odda Samorg. om å demonstrera mot voldgifta, og samstundes aksjonera mot nedskjeringane. Til no har tre avdelingar oppfordra tillitsmannsutvalget om å ta initiativ til markering. Det har og vore diskusjonar på andre avdelingar, men utan vedtak førebels. Ved å gjera politikken konkret, og ved å ta utgangspunkt i dei lokale tilhøva, har vi mobilisert mange til komiteen, slik at vi no har ein stor og slagkraftig komitee.

Eit anna eksempel er at komiteen vår gjekk ut og oppfordra folk til å gje ei dagsløn til dei streikande bussførarane. Aktivistane gjekk sjøl i spissen og ga ei dagsløn, samstundes som me gjekk rundt med underskriftslistar, og fekk mange til å gje ei dagsløn. Ved ein slik metode fekk vi diskutert regjeringa sin krisepolitikk med lønnsnedslag osv. med mange folk.

-Blir det ført ein skarp polemikk mot Samorgtoget for å visa det toget ryggen?

- Det viktigaste er å slå fast at Samorgtoget er eit støttetog for regjeringa sin arbeidarfjendleg politikk. Det er eit klasse-samarbeidstøg. Idet toget går dei som støtta USA i Vietnam, som stor Sovjets aggresjon på Afrikas Horn, som er aktivister i "La Israel lev"-aksjon. Dessutan har vi mange lokale erfaringar å vise til her på arbeidsplassen, kor DNA-folka har stått for en råtten og reaksjonær politikk.

-Har dere konkrete planar for oppfølging av folk, og for å få dei til å gå i toget?

-Me hadde dårleg plan for oppfølging av folk i starten. Dette har me lagt meir vekt på no. Det er spesielt viktig å få med nye aktivistar slik at vi kan nå enda breiare ut. Dette søker me å oppnå gjennom planmessig oppsøking av folk. I midten av veka skal me ha ein parolemalingsfest. Denne festen skal syne kor breitt me evnar å kome ut til folk! Opplegget for festen er appeller om FFF, og Eritrea, vi skal ha framføring av egen kultur, Det er laga tre songar om arbeidsplassen og tilhøva der. Vi trur ein slik fest vil mobilisere folk til å gjera eit krafttak no i innspurten. Vi skal avslutta festen med dans.

- Andre planar for innspurten?

-Frokostane er nøkkelledet for å sikre at folk som har sagt at dei skal gå i tog, gjer det. Dette krev grundig planlegging. Ein må sikre skikkelige avtalar om henting til både frokost og tog.

Me har satt oss ei dristig målsetjing for antall folk i toget, ei dobling frå i fjor, og denne trur me er realistisk utifrå tilhøva og planane. Stemninga er god!

++++

++++

TO DØME Å LÆRA AV:

Vi har undersøkt litt korleis arbeidet blir dreve rundtom.

Her er litt av det vi fann:

Ei gruppe starta tidleg opp og la mange planar. Mange planar. For fest, stands, husbesøk osv. Men planane blei ikkje fulgt opp. Dei har hjatt ein stand med musikk. Men det var lite kontakt med folk likevel. Mista dei motet etter det? Dei er like mange som då dei starta. Oppsøking av folk har mangla. Kva skal vi med planar om vi ikkje snakkar med FOLK? Eit tog av planar blir i alle fall ein dårleg protest mot krisepolitikken til regjeringa og supermaktene sine herjingar i den tredje verda!

Ei kvinnefrontgruppe i eit anna område sto på samme nivå som denne gruppa for ei veke sidan. Dei var fire stykker. Men på kvinnefrontfesten fylte dei to bord og hadde danna ei sanggruppe der fleire nye opptredde på scenen, som ikkje hadde delteke i noko politisk arbeid før. Kva hadde skjedd ??? Jo, dei føre bestemte seg for å snakke med folk! Dei gjekk frå dør til dør. Dei spurte om det var nokon som var interessert i å vere med i 1. mai tog, eller å vere med i ei sanggruppe, eller kanhende kome på fest? Det var det tydelegvis, etter resultatet å dømmе. Men om dei ikkje var blitt SPURT, så hadde dei heller ikkje fått vere med. Trur du at du har spurt alle som det er vits i å spørje no? Det trur ikkje vi!

VINN FOLK TIL TOGET - EIN FOR EIN!

LAG MANGE 1. MAIFROKOSTAR FOR MANGE FOLK !

Toget er ikkje berre ditt- du må gje mange fleire muligheter til å bli med - det er ikkje berre DU som vert ramma av langtidsprogrammet til DNA!

OPPSUMMERING AV GENERALFORSAMLINGA I FFF 1978

På generalforsamlinga var det gode diskusjoner på hovedparolene, der politikken ble satt i høysetet. Diskusjonen om Libanonparolen er et eksempel på dette. Det var og tydleg at det initiativet til spesiell diskusjon av NATO-parole, som ble tatt på gruppeledermötet för gen.-fors. ble följt opp i gruppene, og at motsigelsen i hovedsak var löst. Likevel var det en svakhet ved diskusjonen på gen. fors. at denne diskusjonen ikke kom opp der. Men der var og andre svakheter ved gjennomföringa av gen. fors. Alle deltakene skjönnte ikke prinsippet med en hovedprole på hvert av de viktigste områdene, og derfor ble noen forslag ikke reist. Dette gjelder m.a. forslag til endring av kvinneparola. Hovedkom. hade heller ikke gjort det klart når nye forslag til hovedparoler skulle reises. Dette förte til at det på slutten av mötet ble nödvendig å åpne for utvidet debatt. At dette ble gjort var rett, men det förte til at mötet ikke fikk den slagkraftige avslutning som det skulle hatt. Dels p.g.a. tidsnöd, og dels p.g.a. at möteledelsen hade problemer med å holde kontroll over diskusjonen på slutten av mötet. For å unngå en oppreping av dette, bör det neste år settes en frist for innlevering av nye hovedparoleforslag, f. eks. en dag för generalforsamlinga.

OPPSUMMERING AV MASSEKONFERENSEN TIL FFF 1978.

Det var i år ikke drevet så grundig mobilisering til massekonferensen, som i fjor. Derfor var vi omlag 500 tilstede mot omlag 650 - 700 i fjor. Men konferensen skapte entusiasme hos de som deltok. Talen var i hovedsak bra, men en del kritikk har blitt reist mot den. Den viktigste er: Talen var ikke konkret nok på å utdype fölgene av regjeringas krisepolitikk. Talen la ikke godt nok frem hva FFF er for de forskjellige gruppene som er med, og den var ikke konkret nok på å gi veiledning til aktivistene. Appellene og kulturinnslagene, spes. Stein og Jord, var bra. Men det er rett å si at konferensen delte seg i to. Det var i hovedsak för pausen at entusiasmen hos delakerne ble styrket. Opplegget for gruppediskusjonene var ikke konkret nok, noe som förte til at en del grupper hade problemer med å få en bra diskusjon. Det var heller ikke tatt grep om å sikre et diskusjonsopplegg for pionerene. Erfaringene med oppmarsjen i fjor og i år, viser at vi må vurdere grundig hvorvidt det i det hele tatt er rett med oppmarsj. Erfaringen fra konferensen viser og at vi ikke kan være for nöyaktige i teknisk planlegging, alt må sikres til minste detalj. Dette ble det tatt for lett på i år.

Parolane vart vedtekne på årsmøtet i førstninga av april. Ein del paroleforslag som vart reist på møtet vart oversendt Samorgstyret til evt. godkjenning. Men kva Samorgstyret har vedteke er førebels ein hemmelighet. Dei er ikkje så ivrige etter å få ut politikken sin til diskusjon blant folk. Ei parole, mot Sovjet i Eritrea vart avvist på Samorgmøtet.

For DNA-pampane i Samorg står verda tydeligvis stille. I alle fall kjem ikkje anna til uttrykk i parolane. Av 19 parolar vart 18 plukka opp frå arkiva frå i fjor. Men ettersom det var valg i fjor og ikkje i år, måtte hovedparola "A-seier 77" skiftast ut med ei anna parole: "Solidaritet for trygge arbeidsplasser." Dessutan var ei parole frå i fjor ikkje funnen verdig i år: parola for demokratisering av forretningsbankane. Aspengren er jo nå komen inn leiinga for Bergen Bank, og då kan alle arbeidsfolk her i landet føla seg trygge for finanskapitalen.

SV-arane klamrar seg nå til halmstrået at Samorg-styret vil godkjenna alle paroleforslaga som kjem. Det har me nå til gode å sjå, men dessutan veit me kva skjebne progressive parolar har fått før i Samorg.

Men uansett: ingen tilleggsparole frå frustrerte SV-folk kan endra hovedkarakteren til Samorgtoget. Det er ei classesamarbeidstog for plyndring av arbeidsfolk og for imperialisme.

Parolane:

- "Solidaritet for trygge arbeidsplasser"
- "Støtt det chilenske folk's kamp"
- "Effektive tiltak mot ungdomsledigheten"
- "Dor et demokratisk Spania"
- "Internasjonal faglig enhet"
- "Nei til rasisme og fascisme-solidaritet med det sørlige Afrika"
- "Effektiv priskontroll"
- "LO samarbeider over faggfensene"
- "Organisasjonsplikt der flertallet er for det"
- "Yrkes- og akademisk utdanning likestilles"
- "Ny skattereform må komme"
- "Folkemakt, ikke pengemakt må råde i samfunnet"
- "Solidaritet med de fattige land"
- "Kvinnens frigjøring-arbeiderbevegelsens sak"
- "Stopp hushaienes spekulative virksomhet"
- "Teko-industrien i vårt land må ytterligere styrkes"
- "Tariffavgift innføres"
- "Statens Arbeidstilsyn må ytterligere styrkes"
- "Arbeidsmiljø innføres som fag i skolen".

FILMEN FILMEN FILMEN FILMEN FILMEN FILMEN

Som sikkert mange har lagt merke til, er FFF i gang med ein film. denne filmen skal brukast i mobiliseringsarbeidet neste år og seinadersom han blir bra. Vi filmar toget og prøver å få med litt av førebuingane også. Dessutan skla vi ha med litt bakgrunnsstoff på dei sakene som står i framgrunnen i år: Krisa. Eritrea. Libanon. Ytringsretten-. vi ber folk som har idear til kva som bør med i denne filmen om å kontakte oss. Dersom det til dømes finst lokal aktivitet som bør filmast, dersom folk har idear til bakgrunnsstoff osv.

Filmen treng også ein sterk økonomi. Vi ber lokaltog og seksjonar ta alvorleg på økonomiarbeidet-vi kan ikkje subsidiere lokale arr. der må heller bli andre vegen: At gruppene går med overskot.

GÅ BREITT UT MED FAGLEG 1. MAIFRONT:

FFF-gruppa i Fana hadde stand og ein eldre mann kom bort - han synte fram medlemskortet sitt i Det Kongelige Norske Arbeiderparti før han tok fram ti kroner og ba om medlemskort i Faglæg 1. maifront. Dette var same dagen Kleppe kom med den siste innstrammingspakka si. Dette syner at du kan spørje mange fleire enn dei du hadde tenkt om å bli med i toget....

Organisasjonar/grupper som har slutta seg til:

Vestlandske Kunstakademiet; Praktikantenes Landsorganisasjon, lokallag Bergen; NTL avd. 102/29.; Solidaritetskomiteen for Chile; Kvinnefrontgruppa på Møhlenpris/Nygård.

(Mange grupper/organisasjonar har slutta seg til utan å ha gitt melding om det til frontleiinga).

Lokaltog - FFF

<u>YTRE ARNA</u>	Avgang 10.00 ved Sletta Tale ved Barnehagen kl. 10.45
<u>HAUKELAND</u>	Start og oppmøte i Haukelandsbakken Avmarsj kl. 9.30
<u>DANMARKSPASS</u>	Frammøte på tomte nedanfor yrkesskolen kl. 10 Avmarsj kl. 10.30
<u>NORDNES/NØSTET</u>	Frammøte ved Amalie Skram statuen kl. 10.45 Avmarsj kl. 11.15
<u>SANDVIVIKEN</u>	Oppmøte kl. 11.00 på Sandvikstorget Avmarsj kl. 11.45
<u>NESTTUN</u>	Oppmøte Nesttun Torg kl. 10.15 Avmarsj kl. 11.00
<u>LAKSEVÅG</u>	Frammøte ved Schjøtt vaskeri/Kringsjåv. kl. 10.30 Avmarsj kl. 10.45
<u>ÅSANE</u>	10.45 ved Åsane semter Avmarsj kl. 11.15
<u>MØHLENPRIS</u>	Oppmøte kl. 10.00 frå Thormøhlensgate Avmarsj kl. 10.30
<u>FYLLINGSDALEN</u>	Oppmøte kl. 10.15 i Hjalmar Brantingsvei Avmarsj kl. 10.30

Handwritten text at the top of the page, possibly a header or title, which is mostly illegible due to fading.

Handwritten text in the upper middle section of the page, appearing as several lines of cursive script.

Handwritten text in the middle section of the page, continuing the cursive script.

Handwritten text in the lower middle section of the page.

Handwritten text in the lower section of the page.

Handwritten text in the lower section of the page.

Handwritten text in the lower section of the page.

Handwritten text in the lower section of the page.

Handwritten text in the lower section of the page.

Handwritten text in the lower section of the page.

Handwritten text at the bottom of the page, possibly a signature or date.